




Føresegner og retningslinjer

Interkommunal kystzoneplan for ytre søre Sunnmøre
2024-2036



HAREID KOMMUNE ULSTEIN KOMMUNE HERØY KOMMUNE SANDE KOMMUNE VANYLVEN KOMMUNE

Kommune	Kommunenr.	PlanID	Saksnr.	Vedteke dato
Hareid	1517	20200001	19/764	
Ulstein	1516	2021	21/1923	
Herøy	1515	202101	21/3545	
Sande	1514	2021	21/1008	
Vanylven	1511	15112021	21/1354	

Datert: 30.08.2021

sist revidert: 21.06.2023

Innleiing

Dette dokumentet gjev føresegner og retningslinjer for arealbruken i kystområda til dei fem samarbeidskommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven. Føresegna er forankra i Plan- og bygningslova (PBL) av 2008 §§ 11-8 til 11-11. Der ikkje anna er angitt gjeld føresegna både for plan og byggesak. Føresegna skal leggjast til grunn i handsaminga av nye reguleringsplanar og for byggesakshandsaminga. Dersom tiltaket ikkje samsvarer med føresegna, vert det handsama som dispensasjonssøknad etter PBL. §19-1. Lovheimlar vert oppgitt i kvart punkt og viser til PBL.

Rettsleg bindande føresegner i medhald av pbl §§ 11-8 til 11-11 er vist i grå boksar.

Anna tekst i dette dokumentet er politiske retningslinjer som ikkje er rettsleg bindande.

Føresegnene og retningslinjene er knytt til plankart sist revidert mai 2023.

For kvart arealformål og underformål er det spesifisert føresegner og retningslinjer.

Ein viktig føresetnad for å lese føresegnene riktig er å følgje dokumentets oppbygging.

Føresegna er strukturert etter gjeldande PBL. og oppsettet lova har for arealformål, med hovudformål og underformål, jf. PBL. §11-7 om arealformål i kommuneplanens arealdel.

Føresegna er delt i to delar:

DEL 1 §§1-5 FØRESEGN UAVHENGIG AV AREALFORMÅL er felles for alle arealformåla. Arealformåla er lista opp i PBL. 2008 §11-7.

DEL 2 §§ 6- 14: FØRESEGN KNYTT TIL AREALFORMÅL gjeld berre for spesifiserte arealformål, hovudformål og underformål vist i plankartet. Arealformåla er lista opp i PBL. 2008 §11-7.

Arealformål inkl. feltnamn og løpenummer.

SOSI	Arealformål	Feltnamn
1120	Fritidsbebyggelse	FB
1130	Sentrumsformål	SF
1300	Næringsvirksomhet	NÆ
1500	Andre typer nærmere angitt bebyggelse og anlegg	ABA
2040	Hamn	H
5100	LNFR	LNFR
6001	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	BSV
6100	Ferdsel	FE
6110	Ankringsområde	ANK
6120	Opplagsområde	OP
6220	Hamneområde i sjø	HOS
6230	Småbåthamn	SH
6300	Fiske	FI
6400	Akvakultur	AKV
6600	Naturområde	NO
6700	Friluftsområde	FV
6800	Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone	VK

Det er i tillegg til feltnamn lagt til eit løpenummer for å identifisere arealet.

Feltnamn_løpenummer er lagt inn som påskrift i plankartet og følger i føresegna.

- Hareid kommune har løpenummer som startar med 100
- Ulstein kommune har løpenummer som startar med 200
- Herøy kommune har løpenummer som startar med 300
- Sande kommune har løpenummer som startar med 400
- Vanylven kommune har løpenummer som startar med 500

Del 1: Fellesføresegner som gjeld alle arealformål

Ettersom dette er ein kompleks plan er det valt å utvide fellesføresegnene med føresegna som gjeld fleire arealformål, sjølv om ikkje alle formåla er inkludert.

§ 1. KYSTSONEPLANEN SITT FORHOLD TIL ANDRE PLANAR

Kystzoneplanen gjeld framfor eldre kommuneplanar, kommunedelplanar og reguleringsplanar ved motstrid. Unntaket er reguleringsplanar vist med omsynssone H910, som gjeld framfor kystzoneplanen. Desse reguleringsplanane er lista opp i vedlegg E.

§ 2 FORHOLD SOM SKAL AVKLARAST OG BELYSAST

Nye reguleringsplanar eller tiltak etter pbl. § 20-1 a, b, d, g, j, k, m innanfor planområdet er berre tillate dersom det kan dokumenterast tilfredsstillande tryggleik jf. PBL §28-1 samt kapittel 7 og 9 i byggt teknisk forskrift, TEK17. I område der fare for naturpåkjenningar ikkje er vurdert, òg/eller verknaden av ytre miljø ikkje er avklart, må det ved utarbeiding av reguleringsplan, eller ved konsesjonshandsaming, gjennomførast ei fagkyndig vurdering som gjer greie for dei reelle forholda i plan-/tiltaksområdet, med forslag til avbøtande konsekvensreducerande tiltak eller sikringstiltak som redusera risiko.

Forhold som er aktuelle å avklare er (lista er ikkje uttømmande):

- *Grunnforhold og kvikkleire*
- *Forureining i grunn*
- *Skredfare*
- *Farlei*

For reguleringsplanar skal vurderingane være utført før planen sendast på høyring

§ 3 PLANKRAV, JF. PBL. §11-9 NR.1

Symbolet # i plankartet tyder at arbeid og tiltak, (jf. pbl § 1-6) som nemnd i pbl § 20-1, samt frådeling og bortfesting til slike formål, ikkje kan finne stad før området inngår i ein godkjent reguleringsplan i samsvar med interkommunal kystzoneplan, samt til kvar tid gjeldande kommuneplan i den aktuelle kommunen.

§ 4 SAMFUNNSTRYGGLEIK

Støy

Miljøverndepartementets retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442/2021 eller nyare versjonar) leggstil grunn for all planlegging og byggesaksbehandling i kommunane. Anbefalte støygrenser i tabell 3 i T-1442/2021 skal ikkje overstigast.

Marin grense

For areal under marin grense, som er avsett til byggeområde i kommuneplanen, må det i samband med detaljregulering utarbeidast ROS-analyse der grunnundersøkingane er tilstrekkeleg vurderte til å konkludere med at området er eigna til bebyggelse.

Forureina grunn

Alle tiltak skal planleggast og gjennomførast slik at forureining frå grunnen ikkje kan føre til helse- eller miljøskade.

Skred

I område med fare for skred må det ved utarbeiding av reguleringsplan, eller ved konsesjonshandsaming, gjennomførast ei fagkyndig vurdering som gjer greie for dei reelle forholda i plan-/tiltaksområdet, med forslag til avbøtande konsekvensreducerande tiltak eller sikringstiltak som redusere risiko.

I område der det kan vere forureina grunn, skal tiltakshavar sørge for at det blir utført nødvendige undersøkingar for å få klarlagt omfanget og verknaden av ei eventuell forureining. Dersom forureining vert påvist, skal det utarbeidast og godkjennast ein tiltaksplan, jf. Forurensningsforskrifta sitt kap. 2.

§ 5 OMSYN TIL ESTETIKK, LANDSKAP, NATUR, MILJØ, KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

Ved planlegging i utbyggingsområde og i den enkelte byggesak skal det takast omsyn til estetikk, landskap og kulturmiljø. I sakshandsaminga vil det bli lagt vekt på følgjande forhold:

- a) Sikre at tiltaket har god estetisk utforming, i samspel med omgjevnadar og stadleg byggeskikk. PBL §11-9 nr. 6
- b) Tiltak skal passe inn i landskapet på en slik måte at dei ikkje bryt med horisontlinjer (låsprofilar, bakkekantar) eller er i konflikt med øvrige markerte landskapstrekk. PBL §11-9 nr 6.
- c) Nye tiltak må ikkje redusere verneverdien til kulturminne eller kulturlandskap. PBL. §11-9 nr. 7.
- d) Ved regulering og iverksetting av nye tiltak skal energieffektivisering og miljøvenleg energiforsyning vektleggast.
- e) Viktige marine naturtypar og leveområde for sårbare arter.
- f) Tiltaket sin innverknad på eksisterande marin flora, fauna og terreng i forhold til klimavern og eigenverdi.

Ved tiltak nærare kulturminne enn 100 meter skal saken leggast fram for kulturminnemynde. Ingen utbyggingsområde er avklart i forhold til automatisk freda kulturminne, dette gjeld både over eller under vatn. For kvart område og i kvar einskild sak må tiltaket leggast fram for kulturminnemynde for høyring. Ved handsaming av akvakultursøknad vert søknaden sendt til kulturminnemynde av fylkeskommunen.

Ved planlegging i utbyggingsområde og i den einskilde byggesak skal det tas omsyn til følgjande forhold:

- Alle tiltak skal planleggast slik at utslepp til sjø ikkje kan føre til helse - eller miljøskade.

- Viktige allmenne friluftsområde
- Dersom det under arbeid i sjø skulle komme frem skipsfunn, gjenstandar eller andre spor frå eldre tid, må arbeidet stansast omgåande og melding sendast til kulturmynde.

Del 2: Føresegner som gjeld særskilte arealformål:

Føresegna gjeve i denne delen er knytt til bestemte arealformål, jf. gjeldande PBL. §11-7 nr. 1 til 6.

§ 6 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE (HOVUDFORMÅL) (sosi 6001 – feltkode BSV)

- | | |
|----|---|
| a) | Her kan det ikkje søkast om etablering av akvakultur. |
| b) | Graving, mudring, utfylling, bygging av småbåthamn og andre tiltak etter pbl §1-6, som kan endre eit område sin friluftsverdi eller verneverdi kan berre tillatast med heimel i godkjend reguleringsplan. |

§ 6.1 Ferdsel (sosi 6100 – feltkode FE)

Område avsett til manøver, ferdsel og ankring av større fartøy. Tiltak eller anlegg som kan hindre denne bruken er forbode innanfor desse områda.

Område avsett til manøver, ferdsel og ankring av større fartøy. Tiltak eller anlegg som kan hindre denne bruken er forbode innanfor desse områda.

§ 6.2 Ankringsområde (sosi 6110 – feltkode ANK)

Områda er grunnlag for Kystverkets ivaretagelse av viktige ankringsområde for større skip. Tiltak eller anlegg som kan hindre oppankring av større skip er forbode innanfor desse områda.
--

§ 6.5 Hamneområde i sjø (sosi 6220 – feltkode HOS)

Dette er områder for fartøy som skal laste eller losse gods, transportere passasjerar, eller har behov for landings-, oppankrings- eller liggeplass.
--

Det skal ikkje etablerast anlegg, fortøyningar, kablar mv. som på nokon måte kan vanskeleggjer bruk av hamneområda.

Det kan gjennomførast følgjande tiltak innanfor området utan reguleringsplan: mindre utviding av eksisterande kaier og moloar, bygging av mindre kaier, utlegging av flytebrygger mindre enn 12 m lang.

Framtidige større hamneutbyggingar (moloar, utdjupingar, kaier etc.) kan berre gjennomførast i tråd med vedtatt reguleringsplan. Reguleringsplanen skal fastsette utstrekning både i sjø og på land og skal omfatte tilkomst, servicebygg, opplagsplass på land med fast dekke, renovasjonspunkt og parkering.
--

Hamne- og farvasslova har egne føresegner om planlegging og drift av hamner. Fiskerihamner bygd av Staten ved Kystverket er primært for bruk til fiskeriformål. Anna bruk av fiskerihamner skal avklarast med kystverket etter Hamne- og farvasslova § 14. Det visast til Kystverket for oversikt over fiskerihamner.

§ 6.6 Småbåthamn (sosi 6230 – feltkode SH)

- a) Etablering eller utviding av småbåthamn med meir enn 10 plassar krev reguleringsplan.
- b) Reguleringsplanen skal fastsette småbåthamna si utstrekning både i sjø og på land og skal omfatte tilkomst, servicebygg, servicekai, opplagsplass på land med fast dekke og oljeutskillar, renovasjonspunkt og parkering.
- c) Det skal tilretteleggast for kjeldesortering av avfall og miljøfarleg avfall skal takast hand om etter gjeldande regelverk. Båthamner med servicebrygge/slipp og sjønære opplagsområde skal vere utstyrt med oljeutskillar og oppsamlingsanordning med fast dekke for avverka materiale frå vedlikehald av båtar.
- d) Det skal vere mogleg for ålmenta å ferdast langs strandsona også forbi områder for småbåthamner. Det er ikkje lov å setje opp, gjerde eller andre stengsler som vanskeleggjer ålmen ferdsel.

Småbåthamn er anlegg av allmenn karakter der infrastruktur, tilkomst og organisering er tilrettelagt og gir sikker fortløying av båtar. Ved utviding av eksisterande småbåthamner bør arbeid og tiltak som nemnt i første ledd ikkje finne stad før området inngår i reguleringsplan. Bryggjeanlegg og bølgebrytarar skal utformast og plasserast slik at tilstrekkeleg vassgjennomstrøyming sikrast for å oppretthalde god vasskvalitet. Ved regulering av moloar i stein eller betong skal endring av strøymingsmønster, vassutskifting og mudderdanning utgreiast. Ved løyve til nye tiltak må det sikrast at tiltaket ikkje kjem i konflikt med allereie eksisterande anlegg. Løyvet skal også omfatte offentleg veg, tilkomst og parkering.

§ 6.7 Fiske (sosi 6300 – feltkode FI)

Innan havområder omfatta av dette arealformålet, vert det ikkje gitt tillating for tiltak i vassøyla og/eller på havbotn som kan ha ei negativ/øydleggjande effekt på lokale fiskebestandar og tilhøyrande fiskeriverksemd

§ 6.8 Akvakultur (sosi 6400 – feltkode AKV)

- a) Her er det tillat med alle typar oppdrettsanlegg (fiskeoppdrett, skjelfarmar og algedyrking mm.)
- b) Anlegget, med forflåte og ev. bustadar på sjø skal ligge innanfor område der det er tillate med akvakultur, jf. pbl. 11-7 nr. 6.
- c) Fortøyingar må ikkje hindre fri ferdsel for mindre fartøy mellom anlegget og land. Fortøyingar festa i land skal festast under lavast lågvatn.
- d) For områda som vert nemnd under gjeld følgjande, jf. PBL. §11-11 nr. 7:

Område Artsgruppe eller art av akvakultur som enkeltvis eller i kombinasjon kan/ikkje kan etablerast:

AKV104	laks, regnbogeaure og aure
AKV402	laks, regnbogeaure og aure
AKV403	torsk
AKV404 og 405	tare
AKV511 og 512	ikkje laks eller aure

- e) For andre område sett av til AKV i plankartet er det ikkje nokre avgrensing til kva for artsgruppe eller arter av akvakultur som enkeltvis eller i kombinasjon kan etablerast.
- f) For alle nye lokalitetar for akvakultur er det krav om etablering av landstraum eller anna teknologi som gir tilsvarende (dokumentert) reduksjon i støyforureining og CO₂-utslepp som landstraum.

For å ta områda i bruk til akvakultur, må det gjevast løyve etter akvakulturlova. Andre aktivitetar kan skje fritt i området så lenge dei ikkje kjem i konflikt med planformålet. Akvakulturlova krev at anlegg som ikkje er i drift skal fjernast.

Rundt akvakulturanlegg er det eit ferdselsforbod på 20 meter. Her er friluftsliv, fiske, farlei og ferdsel forbode. Det er òg ei fiskeforbodssone på 100 meter rundt anlegget. Fiskeforbodssone inngår i arealformålet akvakultur, noko som betyr at eit anlegg inkl. forbodssone på 100 meter må ligge innanfor areal sett av til akvakulturformål.

§ 6.9 Naturområde (sosi 6600 – feltkode NO)

I naturområde skal det i vassoverflate, vassøyle eller botn ikkje gjerast inngrep som er i konflikt med verneformålet eller med naturtype av nasjonal og vesentleg regional interesse.

Det kan gjerast unntak for vedlikehald av etablert infrastruktur

§ 6. 10 Friluftsområde (sosi 6700 – feltkode FV)

I område satt av til friluftsliv tillatast ingen tiltak og inngrep som kan forringe området sin eksisterande tilstand og verdi.

§ 6.11 Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone (sosi 6800 – feltkode VK)

§ 6.11.1 Kombinerte formål for akvakultur (VK_A)

Her kan det søkast om etablering av akvakultur utan at dette krev dispensasjon frå arealformålet. Her kan det etablerast botnkultur og havbeite som ikkje er synleg i overflata, forutsett løyve etter Akvakulturlova.

Kva areal som eignar seg for ulike former for akvakultur er basert på ulike sedimenteringsregimer i marine grunnkart jf. [Temakart botnforhold](#).

V1: I mørk oransje areal kan det etablerast alle former for akvakultur basert på utslepp frå produksjonen. Anlegget må vere tilpassa eksponeringa i disse områda. Plasseringa av anlegget skal kvalitetssikrast ved hjelp av [Temakart botnforhold](#).

V2: I lys oransje areal kan også etablerast alle former for akvakultur. Plasseringa av anlegget skal kvalitetssikrast ved hjelp av [Temakart botnforhold](#).

V3: I blå (lys blå og mørk blå) areal i grunnare område bør det ikkje tillatast intensiv akvakultur med foring. Lavtrofisk akvakultur utan foring kan tillatast, primært i lys blå områder. Etablering av lukka anlegg kan vurderast.

Graving, mudring, utfylling, bygging av småbåthamn og andre tiltak etter pbl §1-6, som kan endre eit område sin friluftsverdi eller verneverdi kan berre tillatast med heimel i godkjend reguleringsplan.

I "Bruk og vern områder" vil oppdrettsanlegg kunne etablerast dersom det ikkje dukkar opp nye moment under høyring av akvakultursøknaden som må omsyntakast. Ved søknad om etablering av akvakulturanlegg krevjast full saksgang med utredning og avveging i forhold til andre interesser jf. akvakulturloven § 6 og § 16.

§ 6.11.2 Kombinerte formål for akvakultur, fiske, farlei, ferdsel og friluftsliv (VK_AFFFF), jf. PBL §11-11 nr 3

Fortøyningar skal ligge innanfor kombinertformålet og ligge djupare enn 25 m under gjennomsnittleg havnivå og ikkje vere til hinder for vanlig sjøveis ferdsel. Fortøyning inn mot land må ligge minimum 3 m under lågaste lågvatn.

Det tillate ikkje annan akvakultur innanfor planområdet.

Annan aktivitet kan skje fritt så lenge det ikkje kjem i konflikt med arealformålet.

§ 6.11.4 Kombinerte formål for fiske, farlei, ferdsel og friluftsliv (VK_FFFF)

Det kan leggest til rette for ferdsel og etablering av flytebrygger, kai med meir. Farlei og fiske kan kombinerast med ferdsel og friluftsliv. Omsynet til farlei og fiskerinæringa skal vektleggast i konflikttilfelle.

§ 6.11.5 Kombinerte formål for natur, fiske, farlei, ferdsel og friluftsliv (VK_NFFFF)

Tiltak i VK_NFFFF-område skal underleggast streng vurdering før løyve til tiltak eventuelt kan gis.

I område merka #1 i Herøy kommune vest for Runde kan det etablerast energianlegg (bølgjekraftanlegg) i tråd med løyve frå Kystverket.

For områder merka med VK_NFFF_500 og meir (Vanylven kommune sitt sjøareal) gjeld følgande: Sjøareal avsett til ålmenn bruk. Akvakulturanlegg kan ikkje etablerast innanfor området. Område prioritert for tradisjonelt naturbasert friluftsliv. Friluftsliv (sport) som fører med seg ureining, støy, eller vesentleg reduserar området sine naturkvalitetar, har ikkje prioritet i områda. Tiltak, inngrep som kan hindre fiske, friluftsliv, ferdsel og natur/vilt/fuglelivet skal ikkje tillatast.

Fiske kan kombinerast med ferdsel, natur og friluftsliv. Omsynet til fiskerinæringa skal vektleggast i konflikttilfelle.

§ 6.11.6 Kombinerte formål for ankring, natur og fiske (VK_ANNF)

Innanfor desse områda er det ikkje tillate å legge sjøkablar eller faste installasjonar. Det kan fiskast i området så lenge det ikkje kjem i konflikt med oppankra skip.

§ 6.11.7 Kombinerte formål for akvakultur, fiske og ferdsel (VK_AFF)

Innanfor desse områda tillatast etablering av akvakultur. Fiske og ferdsel må ikkje kome i konflikt med fortøyningar til akvakulturanlegga.

For å ta områda i bruk til akvakultur, må det gjevast løyve etter Akvakulturlova. Andre aktivitetar kan skje fritt i området så lenge dei ikkje kjem i konflikt med planformålet. Akvakulturlova krev at anlegg som ikkje er i drift skal fjernast.

Rundt akvakulturanlegg er det eit ferdselsforbod på 20 meter. Her er friluftsliv, fiske, farlei og ferdsel forbode. Det er òg ei fiskeforbodssone på 100 meter rundt anlegget.

§6.11.8 Kombinerte formål for naturområde og friluftsområde (VK_NOFV)

Friluftsliv må ta omsyn til naturen og Stokksund-Blikkvågane fuglefreding i området.

§ 6.11.9 Kombinerte formål for natur, akvakultur, fiske, farlei, ferdsel og friluftsliv (NAFFFF)

Innanfor desse områda tillatast etablering av akvakultur i samsvar med verneforskrifta.

Temakart over fiskeplassar skal leggst til grunn for vurdering av arealdisponeringar i fleirbruksområde. Omsynet til oppvekstområde bør tilleggst vekt i konfliktsaker.

§ 7 BEBYGGELSE OG ANLEGG

§ 7.1 Fritidsbebyggelse (sosi 1120 – feltkode FB)

1. For FB-område med løpenr. 300 og 301 (innanfor Herøy si kommunegrense) er det føresegnene til gjeldande kommuneplan som skal gjelde.
2. For FB-områder med løpenr. Mellom 400- 499 (innanfor Sande si kommunegrense) er det føresegnene til gjeldande kommuneplan som skal gjelde.

§ 7.2 Sentrumsformål (sosi 1130 – feltkode SF)

For område avsett til sentrumsføremål kan det etablerast tiltak som forretning, næring, offentleg og privat tenesteyting, bustadar, kontor, kjøpesenter, hotell/overnatting og bevertning med tilhøyrande grøntareal.

For område avsett til sentrumsføremål kan ikkje tiltak settast i verk før godkjent reguleringsplan ligg føre.

§ 7.3 Fritids- og turistformål (sosi 1170 - feltkode FTU)

1. FTU: (Sande) Her kan det etablerast utleigehytter/-bygg, aktivitetspark og leirplass.

Ved regulering av område skal det avklarast korleis beiting kan halde fram.

Krav om detaljregulering

2. FTU200-201: Innanfor desse områda, kan det oppførast mindre fritidshus med BYA inntil 50 m². Tillate BRA er inntil 70 m². Ferdig golv i hyttene skal plasserast i intervallet 2,5 – 2,7 over NGO kote avhengig av terrengetilhøva på staden. Alle konstruksjonar under kote 2,7 skal dimensjonerast og utformast til å kunne tole påkjenningar ved stormflo. Mønehøgde rekna frå ferdig golv i gavl nærast sjøen skal ikkje vere større enn 7 meter. Fritidshusa skal ha vindauge i avgrensa storleik, og utførast i samsvar med, og som ei fortolking av tradisjonell byggeskikk for naust/sjøbuder. Fargebruken skal vere avdempa. Dette gjeld også på lister og annan detaljering. Det stillast krav om parkeringsdekning på 1 parkeringsplass pr. fritidshus.

§ 7.4 Næringsbebyggelse (sosi 1300 – feltkode NÆ)

For område avsett til næring kan ikkje tiltak settast i verk før godkjent reguleringsplan ligg føre.

§ 7.5 Idrettsanlegg (1400 – feltkode IDR)

Her kan det etablerast idrettshall.

§ 7.6 Andre typar nærare angitt bebyggelse og anlegg - naust (sosi 1500 – feltkode ABA)

1. ABA 401, 402: kan etablerast molo for småbåthamn.

ABA417 I område merka (bebyggelse og anlegg) kan etablerast småskala industri knytt til tradisjonell mekanisk industri, fiskeri, stadbunden næring og turisme. I tillegg kan byggast fritidshus - hytter og naust. Tiltaka skal tilpassast og innordne seg dei registrerte nyare kulturminna. krav om regulering

2. ABA416 Det kan etablerast småbåtanlegg innanfor desse områda. Med småbåtanlegg meinast felles flytebrygger med båtplassar for nærare angitte brukarar som for eksempel er knytte til bustad eller fritidseigedommar. Det kan ikkje drivast kommersiell drift av båtplassar til kort- eller langtidsleige innanfor områda som er satt av til småbåtanlegg, eller opparbeidast fasilitetar til anlegget.

3. For arealføremål ABA 300-334 er følgjande gjeldande:

Føresegna er gjeldande for einskildsaker og ved regulering av nye naustområde eller der føresegna til reguleringsplanane ikkje seier noko om storleik, form og funksjon.

Naust er definert som eit bygg til oppbevaring av båt og tilhøyrande reiskap/vegn.

I naustområde kan det ikkje førast opp bygg anna enn i risikoklasse 1, jf. byggtknisk forskrift § 11-2. Det er forbod mot å innreie rom/loft i naust til varig opphald.

Når naustgrupper får større samla areal enn 480 m², skal det vere 8 m avstand til neste naustgruppe. Alternativ til 8 m avstand er brannskiljekonstruksjon som held klasse EI 60.

Dobbeltnaust med storleik over 60 m² må ha brannskiljekonstruksjon som held klasse EI 60 mot andre naust.

Ferdig golv i naust skal plasserast i intervallet 1,5 – 2,5 over NGO kote 0 avhengig av terrengetilhøva på staden. Alle konstruksjonar under kote 2,7 skal dimensjonierast og utformast til å kunne tole påkjenningar ved stormflo.

Mønehøgde, rekna frå topp golv nærast sjøen, skal ikkje vere større enn 6,5 m eller kan tilsvare breidda på naustet.

Naust skal ha saltak med takvinkel i intervallet 30 – 40 grader.

Vindaug må vere av avgrensa storleik og samsvare med behovet knytt til naustfunksjonen. Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av hovudplanet sitt bruksareal (BRA).

Det skal vera mogeleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom naust og naustgrupper.

Det er ikkje tillate med gjerde/levegg eller andre stengsler i områda.

Naust skal vere i tradisjonell stil med trekledning og enkel utforming utan arker, kvister og andre takopplett, balkongar, altan, karnapp eller liknande fasadeelement som ikkje er i samsvar med naustet sin funksjon.

Fargebruken skal vere avdempa. Dette gjeld også på lister og annan detaljering.

4. ABA200-201: Det kan etablerast småbåtanlegg innanfor desse områda. Med småbåtanlegg meinast felles flytebrygger med båtplassar for nærare angitte brukarar som for eksempel er knytte til bustad- eller fritidseigedommar. Det kan ikkje drivast kommersiell drift av båtplassar til kort- eller langtidsleige innanfor områda som er satt av til småbåtanlegg, eller opparbeidast fasilitetar til anlegget.

§ 8 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

§ 8.1 Hamn (sosi 2040 – feltkode H)

H400 område merka kan etablerast hamn. Krav om detaljregulering

§ 9 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL OG REINDRIFT (LNFR)

§ 9.1 LNFR (LNFR-areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardsstilknytte næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag), jf PBL. § 11-11 nr.1 (sosi 5100) – feltkode LNFR)

I landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) er det ikkje tillate med frådeling eller bygging av bustadhus eller bygg til ervervsføremål som ikkje er knytt til stadbunden næring. Det same gjeld for fritidsbustader og naust.

§ 9.2 Spredt boligbebyggelse (LNFR2) (5210 – feltkode LSB)

LSB415: Spreidd bustad-/fritidsbuseiendom/hytter kan tillatast i områda. Det er for dette området (Skare – Kinna) tillate med 1 eining, dette følgjer av gjeldande kommuneplan til Sande kommune.

§ 10. LINJESYMBOL

§ 10.1 Farlei (Sosi 1161)

Det kan ikkje gjerast tiltak som hindrar farleia sin funksjon som td. utlegging av flytebrygger, etablering av badeplassar eller liknande. Omsynet til ferdsel og konsekvensar av ferdsel må dokumenterast når reguleringsplan eller søknad om tiltak skal handsamast.

§ 11. SIKRINGS-, STØY- OG FARESONE, JF. PBL. §11-8 a

§ 11.1 Annan sikringsone (feltkode H190)

For område H190_101 og H190_103 skal det ved tiltak som råka ved sjøbotn, ligge føre ein fagkyndig utgreiing og/eller dokumentasjon om korleis tiltaket vil verke inn på gamal dumpeplass.

For område lista opp nedanfor skal det ved nye tiltak vurderast konsekvensar og korleis tiltaket vil verke inn på eksisterande kommersiell sjøtrafikk (ferje/hurtigbåt):

H190_102 og H190_103 (Hareid-Sulesund og Hareid- Valderøya- Giske),

H190_401 og H19_501, (Årvika–Koparneset)

H190_402 og H190_502 (Larsnes-Åram-Voksa-Kvamsøya)

§ 11.2 Ras og skredfare (feltkode H310)

Her er det ikkje tillate med etablering av nye tiltak eller busetnad før det ligg føre ein fagkyndig utgreiing og dokumentasjon av tilstrekkeleg sikkerheit mot skred frå bratt terreng (Snø-, stein-, jord-, og/eller flaumskred), i tråd med PBL §28-1 og kapittel 7 i byggteknisk forskrift (TEK17).

§ 11.3 Flaumfare (feltkode H320)

I flaumsona skal det ikkje byggast med mindre det skjer i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK17) §§7-3 og 7-4 og PBL 2008 §28-1.

Særskilt for felt H310_101, H310_102 og H310_103: Innanfor omsynssona må det ved prosjektering av nye byggetiltak takast nødvendig omsyn ved dimensjonering og planløyningar i samsvar med berekingar gjort i rapport 20100899-00-2-R, NGI, datert 08.02.2011. Krav om dokumentasjon av sikkerheit for reguleringsplanar som ligg innanfor sone for oppskylling frå flodbølgje, samt krav om nødvendige omsyn knytt til enkelt tiltak som ikkje er vurdert opp mot faresone i plansamanheng. Prognosar og analyser som ligg til grunn skal takast omsyn til.

Langs kystlinja i Hareid er det er sett av flaumsona langs store delar av kystlina, i høve oppskyllingsfare frå eit eventuelt fjellskred frå Åkenes.

§ 11.4 Høgspentanlegg (feltkode H370)

Det tillatast ikkje nye tiltak innanfor omsynssone før det er gjennomført utgreiing av magnetfelt i sona og vurdert ev. avbøtande tiltak.

§ 12. SONE FOR SÆRSKILTE OMSYN TIL LANDBRUK, REINDRIFT, FRILUFTSLIV, GRØNSTRUKTUR, LANDSKAP OG BEVARING AV NATURMILJØ OG KULTURMILJØ, JF. PBL. §11-8 c)

§ 12.1 Omsynssone landbruk (feltkode H510)

Omsynssone landbruk representerer kjerneområde for landbruk. Landbruksinteresser skal vere førande for arealbruk som vert tillate.

Det er ikkje tillate med bygge- og anleggstiltak som kan gje vesentleg verknad på naturmangfald, naturmiljø, vassføring eller vasskvalitet.

§ 12.2 Omsynssone friluftsliv (feltkode H530)

Her skal dei viktige og svært viktige områda for friluftsliv søkast bevart for dette formålet. Ved nye tiltak innanfor omsynssonene, kan kommunen krevje at friluftslivet og verknad på dette dokumenterast og at det vert synt korleis desse verdiane i området vert ivaretatt. Tiltak som verkar skjemma og kjem i konflikt med omsynets målsetning, vert ikkje tillate.

Det skal ved tiltak dokumenterast korleis omsynet til ålment friluftsliv er tatt i vare.

§ 12.3 Omsyn landskap (feltkode H550)

Innanfor omsynsona skal ein ta omsyn til kulturlandskapet som særpregar kystkommunane med øyer og holmar som er forbundne med bruer.

§ 12.4 Bevaring naturmiljø (feltkode H560)

Innanfor omsynssone naturmiljø skal det verdifulle naturmiljøet bevarast. Ved nye tiltak innanfor omsynssonene, kan kommunen krevje at naturmiljøet dokumenterast og at det vert synt korleis desse verdiane i området vert ivaretatt. Tiltak som virke skjemma og kjem i konflikt med omsynets målsetning, tillatast ikkje.

§ 12.5 Bevaring kulturmiljø (feltkode H570)

Omsynssona gjeld regionalt og nasjonalt viktige kulturmiljø. Det er viktig å oppretthalde den visuelle opplevinga av landskapet som grunnlag for kunnskap og oppleving, med vekt på tilhøvet mellom kulturminna og landskapet i kring. Før tiltak kan setjast i verk, skal saka leggst fram for regionalt kulturvernmynde for vurdering i forhold til visuell og faktisk påverknad. Dette gjeld tiltak både på vassflate, i vassøyle og på sjøbotn. Det gjeld også endring eller flytting av eksisterande anlegg og forankringar.

§ 13. SONE FOR BANDLEGGING I PÅVENTE AV PBL. VEDTAK, ELLER ANNA LOVVERK, JF. PBL. §11-8 d)

§ 13.1 Område bandlagt etter Plan- og bygningslova (feltkode H710)

Bandlegging vil gjelde i fire år, og kan eventuelt forlengast.

§ 13.2 Område bandlagt etter Naturmangfoldlova (feltkode H720)

I disse områda gjeld vernevedtaket med tilhøyrande verneforskrifter. Område verna etter naturvernlova:

- Dyrelivsfredingsområde for øya Runde og tilgrensande sjøområde
Delar av fredningsområde for Terneneset og Moganeset på Runde inngår i VK_NFFFF_301 og H720_300
- Muleneset naturreservat
- Tjørvgosen naturreservat
- Svinøya naturreservat
- Stokksund – Blikkvågane, fuglefredingsområde
- Eggholmen naturreservat (Ulstein kommune), verneplan for sjøfugl
- Flø dyrelivsfreding strand- og havområde (jaktforbod)
- Flørauden naturreservat, verneplan for sjøfugl
- Sandøya-Vattøya naturreservat, verneplan for sjøfugl
- Grasøyane med havområde (del av Runde fredingsområde) fuglefreding
- Eggholmane-Lisjeholmen naturreservat (Sande kommune)
- Ristesundsanden naturreservat
- Riste naturreservat
- Sandsvågen naturreservat
- Storevika naturreservat og tilhøyrande dyrelivsfredingsområde (Voksaholmane)
- Nupafjellet naturreservat

§ 13.3 Område bandlagt etter kulturminnelova (feltkode H730)

Bandleggingszone for automatisk freda kulturminne H730 (kml) §§ 4 og 6. Det er ikkje tillate å setje i gang tiltak som kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekkje, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme kulturminna innanfor desse områda, utan løyve til inngrep frå kulturminnemynda jf. kml §§ 3 og 8.

§ 13.4 Krav om felles planlegging Feltkode H810

I omsynssone H810 er det krav om felles planlegging med landareal. Sjå kommuneplanens arealdel for Ulstein.

§ 14. SONE DER GJELDANDE REGULERINGSPLAN SKAL GJELDE UENDRA, JF. PBL. §11-8 f)

§ 14.1 H910 reguleringsplan framleis skal gjelde (feltkode H910)

For områder merka omsynssyne H910 skal vedteken reguleringsplan framleis gjelde. Dette går fram av kap. 5.10 i planomtalen og er juridisk bindande.